



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesrådet for funksjonshemma</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Rica Sunnfjord Hotell, Førde</b>
<b>Møtedato</b>	<b>17.06.2014</b>
<b>Kl.</b>	<b>10.00-14.30</b>

**Faste medlemer til stades:** Norunn Lunde Furnes, Solfrid Fossberg, Solfrid Lillebo og Odd Atle Stegegjerdet.

**Forfall til møtet:** Geir Liavåg

**Varamedlemer til stades:** Alfred Brusegard

**Til stades med møte- og talerett:**

**Sekretariat for møtet:** Arvid Stenehjem

Ein merknad til innkalling og sakliste. Leiar Norunn Lunde Furnes hadde ein merknad til at sakspapira kom for seint ut denne gongen. Innkalla varamedlem Alfred Brusegard peika på at han ønskte innkalling via sin private e-postadresse og ikkje til sin arbeidsstad. Det vart meldt om problem med utskrift av møtepapira.

Utvalet handsama alle sakene i ope møte.

Møtebok frå 6. februar og 1. april 2014 vart godkjend og underskriven utan merknader.

Til møtet var det invitert to innleiarar på kvart sitt tema.

Bygge- og eigedomsjef Jan Tore Rosenlund informerte om kartlegging av fylkeskommunale bygg – universell utforming og tilrettelegging. Magne Vivelid frå Gaular kommune informerte om prosjektet «Aktiv». Les fleire kommentarar under meldesak 5 og 6 under.

### **Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:**

#### **Meldesak 1)**

Sekretærstøtta for arbeidet i fylkesrådet skal takast i vare. Støttefunksjonen vert ein del av oppgaveporteføljen til ein nyleg utlyst 100 % stilling. I tillegg vil organisasjonen sine sektorar vere ansvarleg for å fremje relevante saker for rådet.

Konklusjon/vedtak:

Fylkesrådet for funksjonshemma er sterkt uroa over korleis rådet sine arbeidsoppgåver skal ivaretaast for framtida når vi ser mangfaldet av arbeidsoppgåver i den nye rådgjevarstillinga som er utlyst i sentraladministrasjonen med søknadsfrist 18.juni. Etter kva vi forstår er stillinga også tiltenkt kontaktfunksjon og sekretær for Fylkesrådet for funksjonshemma, som tidlegare hadde 50% stilling til dette arbeidet fram til 2013. I tillegg hadde denne personen også avsett 30% stilling til fylkesrådet for eldre.

Fylkesrådet for funksjonshemma treng aktiv sekretærstøtte for å kunne gjere eit godt arbeid for menneske med funksjonshemming. Med dei mange oppgåvene som ligg til den nye utlyste stillinga, er vi uroa for at saker som særleg gjeld funksjonshemma ,skal kome i bakgrunnen. Sjølv om ein tenkjer seg at alle etatane i fylkeskommunen skal sende over og greie ut saker som gjeld funksjonshemma, så har erfaringa siste året vore at det fungerer dårleg.

#### **Meldesak 2)**

Årsmelding 2013 - brukarutvalet i Sogn og Fjordane. På bakgrunn av retningslinjer vedtekne av koordineringsrådet, vart det felles brukar-utvalet for kommunane i Sogn og Fjordane og Helse Førde konstituert og oppstarta. Oppretting av felles brukarutval bygger på eit ønskje om at dialogen og samarbeidet i eit slikt utval også skal femne om tema som gjeld kommunale helse- og omsorgstenester. Dette er i tråd med tilrådinga i nasjonal rettleiar utgitt i samband med samhandlings-reforma. Ein er likevel ikkje kjent med andre område i landet som har etablert ei slik løysing. Partane har gitt uttrykk for at det felles utvalet har fungert godt i oppstartåret.

Konklusjon/vedtak:

Det vart hevda at dei fylkeskommunale råda har rett på å få med ein representant inn i dette brukarutvalet. Denne representanten skal vekselvis kome frå høvesvis fylkesrådet for eldre og frå fylkesrådet for funksjonshemma.

#### **Meldesak 3)**

Nytt fylkeshovudverneombod frå 1. august! Utdanningsforbundet har peika ut Anne Kari Hagen til nytt fylkeshovudverneombod (FHVO) frå 1 august 2014. Anne Kari er tilsett som adjunkt ved Luster vidaregåande skule.

Konklusjon/vedtak:

Orienteringa vart teken til vitande.

#### **Meldesak 4)**

Kort evaluering av fylkesrådet sitt seminar den 3.april 2014.

Konklusjon/vedtak:

Det har gått ei stund sidan 4. april då seminaret vart avvikla. Nokre refleksjonar:

- Generelt eit godt seminar med linje og breidde i temaval
- God breidde frå utdanning til vidare ut i arbeidslivet til ordinert arbeid i ordiner bedrift eller til tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift
- Kunne ha vore betre deltaking frå kommunane
- Kunne vore fleire interesseorganisasjonar representert på «stand»

#### **Meldesak 5)**

##### **Innleiar med tema I**

Fylkesrådet for funksjonshemma har invitert innleiarar til to ulike tema. Frøste tema er ved bygge- og eigedomsjef Jan Tore Rosenlund om kartlegging av fylkeskommunale bygg – universell utforming og tilrettelegging. Sjå vedlegg.

**Konklusjon/vedtak:**

I fylkeskommunen sitt arbeid for likestilling, likeverd og mangfald, er universell utforming ein viktig del. I handlingsplanen (2014-17) for dette arbeidet har ein og sett opp kartlegging av bygningsmassen vår med tanke på universell utforming som eit viktig delmål.

Bygge- og eigedomstenesta har starta dette arbeidet og gav ei kort orientering til fylkesrådet for funksjonshemma om arbeidet og prosessen.

Dokumentasjonen av kartlegging skal resultere i ein rapport over standarden på fylkeskommunale bygg. Fylkeskommunen sitt ambisiøse mål er at standarden TEK10 skal leggest til grunn for alle bygg. Ved å legge seg opp mot slik høg standard vil sjølv dagens godkjende bygg får «dårleg skår» og vil stå fram som ikkje fullgode etter TEK10. Kartleggingsarbeidet med tilhøyrande tiltaksrapport skal hjelpe oss i det vidare arbeidet med prioritering, finansiering, planlegging og gjennomføring. Vi tek gjerne mot innspel og gode forslag i det vidare arbeidet. Kontaktperson og prosjektleiar på bygge- og eigedomstenesta er overingeniør Roald Dyrdal.

**Meldesak 6)**

**Innleiar med tema II**

Om prosjektet «Aktiv» Magne Vivelid frå Gaular kommune. AKTIV er eit samarbeidsprosjekt mellom NAV Gaular, helse- og sosialetaten i Gaular kommune og Gaular Frivilligsentral.

Frivilligsentralen er leiar og eigar av prosjektet, med NAV og helse- og sosialetaten som medeigarar. Styringsgruppa er samansett av NAV – leiar, helse- og sosialsjefen og dagleg leiar i frivilligsentralen. Sjå vedlegg.

**Konklusjon/vedtak:**

Tiltaket AKTIV har hatt suksess. Sidan starten i mai 2012 har i alt 19 personar vore innom prosjektet, 13 av desse har anten fått seg arbeid, praksisplass eller studieplass. Denne måten å organisere seg på kan gjerne adopterast av andre kommunar. Men som alltid er suksess avhengig av entusiastiske pågangspersonar. Dette prosjektet har engasjerte eldskjeler på plass.

**Meldesak 7)**

Ymse

Rådet tok opp fleire tema:

- ✓ Ønskjer sertrykk av tre oppslag i Firda høvesvis den 5. juni, 7. juni og 10. juni 2014
- ✓ Orienterte frå presentasjonen av rådet i fylkestinget sitt junimøte
- ✓ Rådet ønskjer ein orientering frå samferdsleavdelinga i neste møte om honnørrabattordninga
- ✓ Nye bussart til Nordfjord – universell utforma
- ✓ Fellesmøte med rådet i Møre og Romsdal fylke – undersøk status
- ✓ 18. august landskonferansen – alle eksklusiv Geir Liavåg er påmeldt
- ✓ Kvar einskild rådsmedlem er ansvarleg for å melde aktuelle saker inn til leiar/sekretariat

**Konklusjon/vedtak:**

Orienteringa vart teken til etterretning og til vitande.

**SAK 7/14      Skriv og meldingar - fylkesrådet for funksjonshemma  
2014**

**VEDTAK:**

- 1) Fylkesrådet for funksjonshemma tek skriv og orienteringar til vitande.
- 2) Fylkesrådet for funksjonshemma sine tilrådingar og kommenterer til kvar einskild skriv og melding vert lagt inn under kvar meldesak.
- 3) Fylkesrådet for funksjonshemma sine meldesaken vert protokollførte.

-----

**SAK 8/14      Saker til FFF 2014**

**VEDTAK:**

Fylkesrådet for funksjonshemma er sterkt uroa over korleis rådet sine arbeidsoppgåver skal ivareta for framtida når vi ser mangfaldet av arbeidsoppgåver i den nye rådgjevarstillinga som er utlyst i sentraladministrasjonen med søknadsfrist 18.juni. Etter kva vi forstår er stillinga også tiltenkt kontaktfunksjon og sekretær for Fylkesrådet for funksjonshemma, som tidlegare hadde 50% stilling til dette arbeidet fram til 2013. I tillegg hadde denne personen også avsett 30% stilling til fylkesrådet for eldre.

Fylkesrådet for funksjonshemma treng aktiv sekretærstøtte for å kunne gjere eit godt arbeid for menneske med funksjonshemming. Med dei mange oppgåvene som ligg til den nye utlyste stillinga, er vi uroa for at saker som særleg gjeld funksjonshemma ,skal kome i bakgrunnen. Sjølv om ein tenkjer seg at alle etatane i fylkeskommunen skal sende over og greie ut saker som gjeld funksjonshemma, så har erfaringa siste året vore at det fungerer dårleg.